



«Vi er det beste laget» - helsing frå kommunedirektøren 27.mars

Gode tilsette,

«[When the Going gets Tough, the Tough Get Going](#)» sang Billy Ocean i 1988. No er det tøffe tider, og sanneleg har dei tilsette i Stryn kommune også denne veka synt kva som bor i oss. Den innsatsen, det pågangsmotet og den viljen som eg skreiv om for ei veke sidan, er ikkje berre til stades, men den verkar å vere enno større på slutten av denne veka!

Takk til kvar einskild for det!

Vi har nytta den veka som vi no legg bak oss til både å hjelpe dei som treng det, samstundes som vi har nytta ledig tid til å planlegge kva vi skal gjere viss situasjonen endrar seg framover. Vi er i ferd med å klargjere Storesunde Skule som «ny» sjukeheim der vi kan ta imot koronasmitte. Der skal vi gi gode tenester utan å utsette andre for smittefare. Vi er godt i gang med å kartlegge kompetansen i organisasjonen for å kunne nytte dei tilsette best mogeleg om vi verkeleg skulle trenge det. Saman med dei tilsette sine organisasjonar gjort avtaler om korleis dette skal gjerast på ein måte som både sikrar brukarane, samstundes som vi tek i vare våre tilsette.

Takk til alle som har vore med på dette arbeidet!

Saman med dette løyser vi også dei «vanlege» oppgåvene våre. Nokre gjer dette frå arbeidsplassen og nokre gjer det heimanfrå. Nokre gjer det slik vi gjorde det før og nokre gjer det på heilt nye måtar. Det viktige er at vi gjer det, og at vi gjer det i tråd med dei føringane vi får frå styresmaktene. Målsettinga er at vi alle skal gjere arbeidet samstundes med at vi alle gjer vårt for å stoppe og slå ned spreidinga av viruset snarast råd.

Takk til alle som rett og slett gjer jobben sin i ei vanskeleg tid!

Også denne helga vil eg at du skal senke skuldrane og puste djupt. Viss du tok meg på ordet og tok den telefonen til ein kjenning forrige helg, så tenk over kor kjekt det var. Og ta to telefonar denne helga.

Det blir dobbelt så kjekt!

Vi håper at komande veke skal verte så roleg og «normal» som råd er. Om den ikkje blir akkurat slik vi håper, så skal vi fikse det også.

For vi er det beste laget!

God helg!

Rune